



Surnadal kommune

Næring og utvikling

Valdansvarleg

Dykkar ref:

Vår ref
2011/728-3

Saksbehandlar
Tore Gjul

Dato
14.06.2011

Informasjon til valdansvarleg, tildeling av fellingskvoter 2011.

Fellingsavgift 2011:

Fellingsavgifta skal også i år betalast **etterskottsvis av felte dyr for hjort og elg**. Det vil derfor bli utsendt innbetalingsgiroar på fellingsavgifta etter at fellingsrapportane er kome inn. Hugs å sende inn fellingsrapportar **innan 10 dagar** etter jakta er slutt. Fellingsavgifta for 2011 er slik:

Elg: Vakse dyr kr 440,00 pr. felte dyr. Kalv kr. 255,00 pr. felte dyr.
Hjort: Vakse dyr kr 330,00 pr. felte dyr. Kalv kr. 200,00 pr. felte dyr.

Tildeling av hjort og elg 2011:

Viltnemnda har fatta slike vedtak vedr. tildeling av hjort og elg:

Hjort og elg blir for 2011 tildelt etter § 15 a) i "Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever" gjeldande for dei fleste hjortevalda i kommunen. Dvs. tildelinga av vaksne hanndyr, vaksne ho-dyr og kalv. Unntatt er vald som har godkjent driftsplan/bestandsplan som får tildeling etter § 14.

Jakttida for hjortevilt:

Jakttida for hjortevilt i Surnadal kommune er lik jakttida fastsett av DN og Møre og Romsdal fylke:

Elg: Frå og med 10. sept. til og med 23. des.
Hjort: Frå og med 10. sept. til og med 23. des.
Rådyr: Frå og med 25. sept. til og med 23. des.
Voksen rådyrbukk: Frå og med 10. aug. til og med 23. des.

Sett elg og sett hjort skjema:

Alle vald i Surnadal kommune er no pålagt å samle inn både sett hjort og sett elg data. Vedlagt ligg skjema som skal brukast. Her skal kvar jakt dag fyllast inn med opplysningar om sette dyr og felte dyr. Dagar kor ein jaktar, men ikkje ser dyr, skal også førast opp.

For å registrere slaktevekter skal vi også i år bruke "Slaktevektskjema for hjort" og "Slaktevektskjema for elg".

Disse skjema skal sendast til viltnemnda saman med fellingsrapport **seinast 10 dagar** etter jakta er slutt. Viss valdet treng fleire skjema kan ein kopiere opp sjølve, skrive ut frå vår heimeside eller ta kontakt med Tore Gjul.

Storvilt statistikk:

De finn viltstatistikk mm. på kommunen si heimesida: www.surnadal.kommune.no gå deretter inn på: [Næringsliv / Jakt og viltforvaltning](#)

Her finn du og skjema for: Sett hjort, Sett elg, Slaktevekt for hjort og Slaktevekt for elg.

Ettersøksring:

Alle vald som har underskrive kontrakt med ettersøksringen treng ikkje å skrive ny kontrakt for i år. For at kontrakten skal være gyldig må ein ha kvittering på betalt avgift til ettersøksringen for 2011. Bruk vedlagde giro. Det ligg og med oppdatert hundeliste. Dei vald som ikkje har kontrakt med ettersøksringen frå før, men ønskjer å skrive kontrakt, tar kontakt med Tore Gjøl.

Skadeskyting:

Ved skadeskyting og ettersøk som går inn i andre dagen skal viltnemnda ha beskjed.

Kontaktpersonar er:

Leiar:	Ragnar Halle	Tlf. 71 66 38 89	Tlf. arb: 71 66 38 00	Mob. 98 65 77 43
Nestleiar:	Jostein Hausberg	Tlf. 71 66 37 28		Mob. 91 69 43 18
Sekretær:	Tore Gjøl	Tlf. arb 71 65 58 55		Mob. 91 30 33 88

Jaktopplæring av ungdom:

Surnadal kommune ønskjer at fleire ungdommar får prøve seg på storviltjakt. Viss nokon jaktlag kunne tenke seg å ha med seg ein ungdom enkelte jakt dagar, kan dei ta kontakt med Surnadal jeger- og fiskerforening v/Lars Sæther på tlf. 71655809 eller mobil 95772537. Han vil formidle vidare kontakt.

Merkeprosjektet.

Meir informasjon om merkeprosjektet finst på www.hjortmerk.no

Søknad om kvoteendring:

Søknader vedr. endring av kvoter skal være innkomne til kommunen innan 15. mai kvart år. Slike søknader **skal** være underskrevet av valdansvarleg. Viss det manglar underskrift frå valdansvarleg vil søknaden bli sendt i retur.

Div:

Viltnemnda vil presisere, med bakgrunn i human jaktutøving, at kalven felles før kolle/ku.

Med helsing

Ragnar Halle (sign.)
leiar viltnemnda



Tore Gjøl
skogbrukssjef